

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 16. oktober 2019

Skype

Kl. 14.00-15.00

Til stades: Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Magnus Hoem Iversen, Marika Lüders, Balder Holm, Svein Høier (vara for Hanne) og Terje Skjerdal (ref)

Forfall: Hanne Hestvik Kleiven

1. Innkalling

Godkjend.

2. Referat frå styremøte 10. september 2019

Godkjent.

3. Revisorgodkjenning av reknekap

Papira er klare, revisorgodkjenning er venta til neste styremøte.

4. Tilsetting av ny redaktør i Norsk medietidsskrift

Jf NML sine vedtekter §4, styret i NML peikar ut redaktør i Norsk medietidsskrift.

Styret i NML tilset Terje Colbjørnsen som ny redaktør i Norsk medietidsskrift f.o.m. nr 1/2020.

Takk til Jens Barland for god jobb som redaktør sidan 2017! (NML takkar han av på redaksjonsmøtet til NMT 2. desember.)

5. Medieforskarkonferansen 2020 (Oslo 22.-23. oktober 2020)

Søknad om støtte sendt til RAM 1. oktober. Søknad til Fritt Ord og NFR vil snart bli sendt. Tema: «Tillit til mediene – overalt og alltid?» Komiteen arbeider med hovudinnleiarar. Nettsider planlagd oppe til seinast februar.

6. Agenda for det fysiske møtet i Oslo 5. desember

Mari Velsand kjem (Medietilsynet).

Jonas Olsson kjem (Nordicom).

Terje Colbjørnsen kjem (Medietidsskriftet).

Andre saker («interne» saker): konferanseoppdatering, kommunikasjonsstrategi, m.m.

7. Eventuelt

- Evaluering Nordmedia, Malmø august 2019 (Lisbeth deltok på evalueringsmøte): 650 deltakere totalt, men svært få svare på evalueringsskjemaet. Negativt: IT-systemet knytt til konferansen, vanskeleg å melda seg på, kluss med å få papera inn. Dessutan – høg pris, opplegget stod ikkje heilt i forhold til kor dyr konferansen var. Burde vore rabatt for medlemmer av medieforskarlaga. Positiv tilbakemelding på ulike delar av innhaldet. Gruppesesjonane får god tilbakemelding. Konferansen i år var onsdag-fredag – bør den flyttast tilbake til helga? 80 % responderer at dei helst vil ha den på vekedagar i staden for helg. Leiinga for konferansen meiner at medieforskarlaga må inn att meir aktivt som arrangørar av den nordiske konferansen, i staden for at det lokale universitetet får alt ansvaret.
- Dei ulike representantane oppdaterte styret på siste nytt frå dei ulike miljøa.

Neste møte:

- 5. desember kl. 10-15 (fysisk møte i Oslo, IMK, rom 418, «glasburet»)

Terje Skjerdal (ref)